Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 26 - 1997

Oslo 1997

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland (ansv.), Gulbrand Alhaug, Peter Hallaråker og Lars S. Vikør

Utgjevarstad:
Seksjon for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 26 1997

Redaksjonen er avslutta 16. desember 1997

Adresser m.m.

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Bankgiro: 6501.41.08704; postgiro: 0804 4215307. Kontingenten er 130 kroner for året.

Tidsskriftet *Namn og Nemne,* Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Tlf. 55 58 24 22.

Meldingsbladet *Nytt om namn,* Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

INNHALD

LEIAR
G. Akselberg: Innsamling av stadnamn 2
NORSK NAMNELAG
Lover for Norsk namnelag 3
Styremøte i Norsk namnelag 5
Namn og Nemne nr. 14 6
KONFERANSAR OG MØTE
NORNA-nytt 6
Oversyn over komande konferansar og møte 7
ANNA MELDINGSSTOFF
Tips om namneartiklar i mindre utbreidde publikasjonar 1997 7
Tverrfagleg seminar om personnamn i Tromsø 8
Ny namnesekretær for Nord-Noreg 9
Namnegransking med vekt på stadnamn ved Høgskulen i Volda 9
Norske bokstavar i fare 12
Diana-boom 13
NORMERING OG BRUK AV NAMN
B. Helleland: Evaluering av namnekonsulenttenesta 13
A. Midbrød: Folkeavstemming om kommunenavnet Eigersund 17
I. Utne: *Storm* som fornavn for gutt 20
B. Narjord: Mannsnavnet Sønvis og bruksnavnet Sønvisgården 24
ARTIKLAR OM NAMN
H. Rydving: Samiska namngivningsriter i början av 1700-talet 26
F. Korslund: Navn på stormer 28
BOKMELDINGAR
Ny utgåve av *Norsk stadnamnleksikon.* 31
Rapport frå den ellevte nordiske namnegranskarkongressen 32
Stadnamn i språk og samfunn 33
Festskrift til Kjell Venås 34
Norsk Navnebog av Ivar Aasen 35
Amerikansk stadnamnregister for Noreg 35
AVHANDLINGAR
Doktoravhandlingar 37
Ferdige hovudoppgåver 1996 og 1997 37
Hovudoppgåver under arbeid (arbeidstitlar) 38
Omtale av hovudoppgåver 38
NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 43
G. Alhaug: Norsk namnebibliografi 1996 44
G. Alhaug: Norsk namnebibliografi 1994 og 1995 – tillegg 51
DIKT
A. L. Høydal: Vi 52
Nyttige e-postadresser og web-sider 53

LEIAR

INNSAMLING AV STADNAMN

Då Gustav Indrebø fekk i gang den omfattande *Skulebarninnsamlinga* i 1930-åra, var det eit pionerarbeid som vart sett i verk. Innsamlinga byrja i 1931, og det meste av stoffet vart samla inn i 30-åra. Aldri har det vorte samla inn så mange stadnamn i Noreg som i denne perioden. Skuleborna samla inn over éin million namn på inn- og utmark over heile landet, og resultatet vart at vi fekk eit stadnamnmateriale av unik art.

Sjølv om desse innsamlingane hadde sine feil og manglar målt mot moderne innsamlingsteknikkar, gjev desse samlingane oss ei mengd opplysningar som elles ikkje ville ha blitt overlevert til oss i dag. Namnesamlingane har vore eit viktig grunnlagsmateriale for seinare namnearbeid, t.d. arbeidet med namneformene på det Økonomiske kartverket. I ettertid er det lett å sjå korleis desse oppskriftene *burde* ha blitt tatt vare på og brukt, men likevel var oppskriftene med på å stadfesta ein tradisjon for innsamling som har halde seg heilt fram til i dag.

Skulebarninnsamlinga bygde på Magnus Olsen og Indrebø sin mal for innsamling av norske stadnamn, *djupinnsamlinga*, som dei la grunnen for i 1920-åra, og som særleg Indrebø utvikla vidare gjennom arbeida sine, særleg gjennom *Stadnamni i ei fjellbygd* (1921). Med skulebarnsoppskriftene vart denne innsamlingsteknikken kjend over heile landet, og han har vore malen for innsamling av namn heilt fram til i dag i mange kommunar.

Ser vi bort frå skulebarninnsamlinga til Indrebø, har organisert innsamling av stadnamn gått litt i rykk og napp, og vore avhengig av tilfeldige lokale initiativ, men drivkrafta har likevel heile tida vore at ein må redda stadnamna før namnedauden, som m.a. er knytt til omlegging av driftsformer i skog- og jordbruk, gjer for djupe innhogg i namneskatten.

I det siste har ein slappa noko av på dette innsamlingsarbeidet, av mange grunnar. Dei store innsamlingsprosjekta i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Rogaland kan ha vorte ei sovepute for mange. Dinest er det mange som meiner at vi har nok stoff i arkiva, og dessutan er innsamling av empirisk materiale ikkje 'inne' for tida. Interessa ligg derimot på metodiske og teoretiske problemstillingar.

Men sjølv om det er mykje vi veit om norske stadnamn, er det likevel mykje vi ikkje veit. Særleg er kunnskapen vår om stadnamn som er knytte til kystkulturen liten. Mange av dei gamle namna innom denne kulturen er enno ikkje samla inn.

Dessutan er namneskatten heile tida i endring; namn døyr og vert fødde. Til ei kvar tid er det namn å ta vare på. Det er ikkje berre namn knytte til primærnæringane som har livets rett.

Difor er det på tide å blåsa nytt liv i innsamlingsarbeidet. Vi treng stadnamna. Stadnamna er mellom anna ei viktig dokumentarisk kjelde. I

Danmark har dei hatt *Fyn-prosjektet*, som var eit tverrfagleg prosjekt om kystkulturen på Fyn, der m.a. stadnamna vart nytta som ei viktig kulturhistorisk kjelde. Dette arbeidet gav ny innsikt og kunnskap om ein viktig kultur.

Sjølv om vi er inne i ein fase der teori- og metode-diskusjonane etter kvart også erobrar namnegranskinga, må vi ikkje gløyma at vi må ha eit materiale å relatera teoriane til. Dei teoretiske og metodiske problemstillingane som ein arbeider med, treng både eldre og yngre namnestoff å testast mot.

Dessutan må vi ikkje gløyma den store interessa allmenta har av den lokale kulturen. Eit godt eksempel er *Trønderordboka,* som vart lansert primo november i år. Etter 14 dagar hadde ein selt 1200 eksemplar av ho.

Gunnstein Akselberg
Bergen

NORSK NAMNELAG

LOVER FOR NORSK NAMNELAG (NNL)

vedtekne på skipingsmøte 18. november 1983, med endringar vedtekne etter uravrøysting og godkjende av landsmøtet 22.11.1996:

1. Føremål

Norsk namnelag (NNL) har til føremål å vekkje interesse for og styrkje kjennskapen til namn, namnevitskap og namnevern. Det gjeld stadnamn, personnamn, namn på husdyr osb., dvs. heile namneskatten i samfunnet, medrekna samiske og finske (kvenske) namn.

Dette arbeidet skal gjerast såleis at det kan vere til gagn for folk og land i det heile og vitskap og kultur særskilt.

Laget skal vere bindelekk mellom alle som har interesse for namn og namnegransking, og det skal ta opp samarbeid med vitskaplege institusjonar og offentlege styresmakter.

Laget skal arbeide for å fremje allmenn kunnskap om og kjennskap til namn og namnegransking, drive kursverksemd og stø innsamlingsarbeid og utgjeving av skrifter og bøker som har med namnegransking å gjere.

2. Medlemskap

Laget har berre individuelle medlemer. Organisasjonar og institusjonar vert rekna som einskildmedlemer. Alle vert medlemer av laget når dei tingar tidsskriftet som laget gjev ut.

Alle lagslemer har rett til å kome med framlegg til styret. Styret legg dei sidan fram på landsmøtet.

Alle lagslemer er røysteføre. Kvar medlem har ei røyst. Ingen kan røyste ved fullmakt.

3. Landsmøtet

Landsmøtet er høgste styresmakt i laget.

Lagsåret følgjer kalenderåret.

Landsmøte skal haldast tredjekvart år eller når styret eller minst 50 lagslemer ynskjer det.

Styret avgjer kvar og når landsmøtet skal haldast.

Styret kaller inn til landsmøte minst ein måned i førevegen. Innkallinga skal vere skriftleg og skal sendast til kvar lagslem, Dersom styret finn det føremålstenleg, kan innkallinga kunngjerast i tidsskriftet eller meldingsbladet.

Saman med innkallinga skal følgje ettersedd rekneskap, melding om verksemda i laget og eit stutt oversyn over planar for den komande arbeidsbolken.

Styret kan peike ut ei valnemnd som førebur valet og kjem med framlegg til landsmøtet.

Landsmøtet vel formann og nestformann ved særskilt val. Dessutan vel landsmøtet ved særskilt val tre styremedlemer med personlege varamenn.

Landsmøtet vel og to ettersynsmenn.

Landsmøtet vel skriftstyrar/skriftstyre for tidsskriftet og for meldingsbladet og vedtek retningsliner for desse organa.

Alle val gjeld fram til neste årsmøte.

Det er høve til attval. Same personen kan sitje som formann i 3 valbolkar etter kvarandre.

4. Styret

I styret sit formann, nestformann og tre styremedlemer. Styret vel seg imellom skrivar og rekneskapsførar.

Dersom staten yter pengar til laget, kan Kultur- og vitskapsdepartementet [Kulturdepartementet] nemne opp ein fjerde styremedlem med varamann. Departementet avgjer kor lenge vedkomande skal sitje.

Styret står for lagsdrifta. Det skal setje ut i livet dei vedtaka som landsmøtet gjer, ta opp saker som det hastar med, og ta avgjerder i aktuelle saker.

Styret skal ta seg av økonomi, føre medlemskartotek, delta i utgjevingsarbeid, kursverksemd og andre tiltak som er med og styrkjer og fremjar føremålet med laget.

Alle saker vert avgjorde ved vanleg fleirtal. Er det same røystetalet for to framlegg, har formannen dobbel røyst.

Om formannen og skrivaren skriv under saman, bind dei laget økonomisk.

Styret fører styrebok, brevbok og rekneskapsbok og tek vare på arkivet.

5. Lagspengar

Landsmøtet avgjer kor mykje lagspengane skal vere, og kor stor del av dei som skal gå til tidsskriftet og meldingsbladet.

Den som har tinga tidsskriftet og såleis betalt medlemspengar, får i tillegg til tidsskriftet eit meldingsblad fritt tilsendt.

6. Tidsskrift og meldingsblad

Laget gjev ut eit tidsskrift og eit meldingsblad. Desse organa har eigne skriftstyrarar/ skriftstyre med redaksjonelt ansvar valde for 3 år om gongen. Skriftstyra kan attveljast.

Skriftstyrarane/skriftstyra bør vere til stades på landsmøta og på styremøte når det er ynskjeleg.

7. Lovbrigde

Framlegg til lovbrigde må sendast styret, som sender det ut til uravrøysting mellom medlemene innen 6 månader. Vedtak om lovbrigde krev eit fleirtal på to tredjepartar av dei som har delteke i uravrøystinga, og som på førehand har betalt årspengane.

8. Om laget vert lagt ned

Vert laget liggjande nede eller vert oppløyst, skal dei vitskaplege institusjonane kome saman og drøfte kva som kan gjerast.

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Norsk namnelag hadde styremøte på Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo, 5. desember 1997. Viktigaste saka var økonomien i laget. Forlaget Alvheim & Eide som fram til no har stått for utgjevinga av *Namn og Nemne,* legg ned verksemda, og det er naudsynt å finna ein annan forleggjar. Det fører til at kostnadene med å gje ut tidsskriftet vil stiga. For å dekkja inn den venta utgiftsauken vedtok styret at kontingenten, som ikkje har vore endra på 10 år, frå og med 1998 skal aukast frå kr 130,-, til kr 150,-. Landsmøtet 1996 hadde gjeve styret fullmakt til å vedta ei endring i medlemspengane.

BH

NAMN OG NEMNE NR. 14

Neste nummer av *Namn og Nemne* har dette innhaldet:

Jørn Sandnes: Nils Hallan 1926-1997 7
Peter Hallaråker: Per Hovda 1908-1997 11
Åse Kari Hansen: Språkkontakt i gammalt koloniområde. Om ei gruppe av normanniske namn på *-tuit* 21
Tor Erik Jenstad: Analogisk hankjønnsartikkel i gardsnamn – ein notis 39
Kristin Bakken: "Nedervd uttale" av stedsnavn: ei problematisering 43
Berit Sandnes: Teignavn som forskingsobjekt – problemer og perspektiver 59
Reinert Kvillerud: Informella efternamnsformer i svensk tidningstext 69
Marit Hovdenak: Geologiske namn 81
Kåre Flokenes: Tap av stadnamn. Stadnamn som kulturminne. Ei undersøking av stadnamn i ein del av Askvoll kommune i Sogn og Fjordane sommaren 1995 91
Bokmeldingar 107
Tilsend litteratur 125
Medarbeidarar i årgang 14 127

Redaksjonen reknar med at *Namn og Nemne* nr. 14 vert sendt ut i desember.

Gunnstein Akselberg

KONFERANSAR OG MØTE

NORNA-NYTT

Den nordiske samarbeidskomitéen for namneforsking (NORNA) hadde møte på Færøyane 20-21 september. Arrangementskomiteen med Anfinnur Johansen og Eyvind Weyhe i spissen hadde lagt opp til eit omfattande program. Fyrste møtedagen var lagd til det nørdste punktet på Færøyane, Viðoy, og undervegs frå Tórshavn til Viðoy fekk møtedeltakarane bl.a. oppleve sjarmerande færøysk vêr - snart småregn, snart strålande sol, snart snikande havskodde. I tillegg fekk vi ei god innføring i færøyske stadnamn og færøysk mål. Møtet heldt fram i Tórshavn dagen etter.

Den viktigaste saka på møtet var internasjonal spreiing av nordisk namnegransking. Bakgrunnen for denne saka var at det under jubileumssymposiet i Uppsala i februar hadde kommi framlegg om at nordisk

namnegransking burde gjøras meir kjent utafor Norden. NORNA-komiteen drøfta ulike måtar dette kunne gjøras på. Som eit fyrste steg på vegen samla komiteen seg om å publisere antologiar på engelsk med viktige artiklar frå nordisk namnegransking. Den fyrste antologien vil innehalde artiklar om stadnamn og personnamn i vikingtida. Gillian Fellows-Jensen og Tom Schmidt vart valde til redaktørar.

Når det gjeld kommande symposium, er det for Noregs del verdt å merke seg at symposiet *Namn og historie/arkeologi* vil bli haldi på Stiklestad 13.-15. mai 1999. I dette året er det 100 år sidan Oluf Rygh døde. Det er namnemiljøet i Trondheim som har tatt det prisverdige initiativet til dette symposiet.

NORNA sitt stipend til ein yngre namnegranskar gjekk denne gongen til Katharina Leibring, Uppsala. Det var tredje gongen stipendet vart utdelt. Tidligare har to norske namnegranskarar og ein russisk fått dette stipendet.

GA

OVERSYN OVER KOMANDE KONFERANSAR OG MØTE

- FNs sjuande konferanse om stadnamn, New York, USA, 12.-23. januar 1998 (Botolv Helleland skal representera Noreg på konferansen.)
- Den 12. nordiske namneforskarkongressen, Tavastehus, Finland, 13.-17. juni 1998.
- Oluf Rygh-symposium om *Namn - historie/arkeologi*, Stiklestad 13.-15. mai 1999.
- XXth International Congress of Onomastic Sciences, Santiago de Compostela, Spania, september 1999.

ANNA MELDINGSSTOFF

TIPS OM NAMNEARTIKLAR I MINDRE UTBREIDDE PUBLIKASJONAR 1997

Nytt om namn presenterer kvart år *Norsk namnebibliografi*. Det er mye interessant namnestoff å finne i mindre utbreidde publikasjonar, t.d. lokale årbøker og tidsskrift, og artiklar frå slike publikasjonar bør absolutt vera med i *Norsk namnebibliografi*. Men problemet for redaksjonen er å ha oversyn over alt som blir trykt. Derfor ville det vera fint om du informerte oss om namnestoff frå ditt eige distrikt. Du kan også gi oss beskjed om lengre namneartiklar som har stått i aviser.

Ein del av dei bøkene og artiklane som har vorti publiserte i 1997, vil det også vera aktuelt å melde i *Nordisk namnforskning* (særtrykk av *Namn och*

bygd). Om slike artiklar er vanskelig tilgjengelige, ville vi setta pris på at du sendte dei til oss.

Sentrale tidsskrift som *Namn og Nemne, Namn och bygd* og *Maal og Minne* har vi sjølve lett tilgang til, så dei treng du ikkje tenkje spesielt på.

Opplysningar om stadnamnartiklar sender du til:
Gunnstein Akselberg
Nordisk inst., Sydnesplassen 7, 5007 Bergen
tlf. 55 58 24 16, faks 55 58 20 25
e-post: Gunnstein.Akselberg@hf.uib.no

Opplysningar om artiklar om personnamn og andre namn gir du til:
Gulbrand Alhaug, Nordisk inst., 9037 Tromsø
tlf. 77 64 42 77, faks 77 64 42 39
e-post: Gulbrand.Alhaug@hum.uit.no

Svarfristen er **tysdag 20. januar 1998**.

TVERRFAGLIG SEMINAR OM PERSONNAMN I TROMSØ

Frå byrjinga av oktober hadde vi i Tromsø gåande eit tverrfaglig seminar om personnamn. Det vart lagt særlig vekt på namnepsykologiske problemstillingar, og grunnen til dette var at vi i familjøet har den engelske ressurspersonen Tim Brennen, fyrsteamanuensis ved Psykologisk institutt. Han er bl.a. medforfattar til boka *The Cognitive Psychology of Proper Names. On the Importance of Being Ernest* (1996).[1] Dei fleste institutta i Tromsø ligg samla i universitetsområdet i Breivika, og det var derfor lett å ta kontakt over faggrensene for å få sett i gang eit tverrfaglig seminar om personnamn. Men akkurat når det gjeld Tim Brennen og fagmiljøet hans, er avstanden noko større (ca. 8 km til den sørvestlige delen av Tromsøya). Det var derfor artig å konstatere at kontakten med han – i våre moderne e-post-tider – oppstod via USA: Namnepsykologen Edwin Lawson, som eg har hatt noko kontakt med over e-post, hadde ut frå forordet i boka ovafor oppdaga at Tim Brennen var i Tromsø. Nå hadde Brennen riktig nok vori relativt stutt tid i Tromsø, men det er likevel symptomatisk for forskingsverda i dag at ein av og til må ta omvegen om ein annan verdsdel for å veta kva som skjer i nabolaget.

Etter at kontakten med Tim Brennen var oppretta, vart vi samde om å eta lunsj saman. Til denne lunsjen kom også stipendiat Elin Vanja Karikosi frå Finsk institutt og dessutan nokre hovudfagsstudentar. Dermed oppstod tanken om eit tverrfaglig namneseminar. I tillegg til psykologar og språkfolk var det også ein deltakar frå Historisk institutt. Til vanlig var det 12-14 lærarar og studentar som møtte opp på seminaret som gjekk over 7 dobbelttimar frå 2

[1] Her må ikkje korrekturlesaren rette til *Earnest*, slik det står i originalen hos Oscar Wilde.

oktober til 13 november. Her kjem lista over dei emna som var oppe på seminaret. Som ein ser, var emne som knyter seg til *Namn og identitet* eit viktig innslag.

1. aman. Tim Brennen (Psykol. inst.):
- Hvorfor er det så vanskelig å huske navn?
- Navn og identitet.

Prof. Jane Kroger (Psykol. inst.): Psychological approaches to identity.
Stip. Elin Karikoski (Finsk inst.): Navn og identitet blant kvener i Nord-Norge.
1. aman. Gunnar Thorvaldsen (Registreringssentralen for historiske data): Navn blant nordeuropeiske innvandrere i Minnesota.
1. aman. Gulbrand Alhaug (Nordisk inst.):
- Når Staten tvingar folk til å skifte namn. Nokre trekk ved namnebyte blant pomakkane - ein minoritet i Bulgaria.
- 120-års-bølgjer for populære jentenamn (*Karoline, Julie, Ida* o.fl.). Fins det psykologiske forklaringar?

Hovudfagsstud. Guro Reisæter (Nordisk inst.): Personnamn på barn i tospråklige familiar i Tromsø.
Hovudfagsstud. Sylvi Ailin Greiner (Nordisk inst.): Stigmatisering av navn - bruken av tyske navn i Norge før, under og etter 2. verdenskrig.

Deltakarane gav uttrykk for at det hadde vori eit lærerikt seminar, og at det hadde vori nyttig å møtas over faggrensene.

GA

NY NAMNESEKRETÆR FOR NORD-NOREG

Cand. philol. Eva Forsaa Mikkelsen er frå 1.1.98 tilsett i fast stilling som namnesekretær for Nord-Noreg. I 1997 var ho engasjert i denne stillinga. Forsaa Mikkelsen har bl.a. skrivi *Stedsnavn i Ibestad. Navnedød* (hovudoppgåve hausten 1995). Aud-Kirsti Pedersen, som tidligare var namnesekretær for Nord-Noreg, har gått over i stilling som amanuensis i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Tromsø.

GA

NAMNEGRANSKING MED VEKT PÅ STADNAMN VED HØGSKULEN I VOLDA

Ved Nordisk institutt ved Høgskulen i Volda har vi kvart år tilbode eit seminar i stadnamn på 2 vekttal for grunnfag. Seminaret har vore på 20 undervisningstimar fordelte på 2-3 veker med obligatorisk frammøte. For å få karakteren greidd (bestått) må kvar student, i tillegg til å setje seg grundig inn

i eit teoretisk pensum på om lag 300 sider, førebu eitt eller fleire emne som han/ho må leggje fram munnleg for heile gruppa og skrive ei oppgåve som i omfang svarar til 6-10 maskinskrivne sider. Deltakartalet har vore mellom 7 og 14 studentar.

Haustsemesteret 1997 har eg prøvd ut eit stadnamnopplegg på 5 vekttal for mellomfag, dvs. at heile språkdelen har vore samla om stadnamngransking. Sidan dette forsøket kan ha interesse for andre, skal eg gje eit kort oversyn over opplegget, som om lag 25 studentar har følgt aktivt.

Samla arbeidsomfang: 5 vekttal

1) Eit teoretisk eksamenspensum på om lag 750 boksider.
2) Innsamling, systematisering og namnefagleg analyse av om lag 100 namn.
3) Eksamen, anten 8 timars skriftleg skuleeksamen utan munnleg, eller vekes–eksamen (heimeeksamen) med munnleg eksamen.

Teoretisk pensum (750 sider)

Thorsten Andersson: «Ortnamnens existentiella villkor». *Ortnamn värda at vårda.* Föredrag från Riksantikvarieämbetets symposium Ortnamnskultur. Stockholm 1994:7-19. (10 sider)

Olav T. Beito: «Kva seternamn kan fortelje». Jørn Sandnes og Per Tylden (red.): *Namn i fjellet.* Oslo 1968:111-132. (20 sider)

Vibeke Christensen og John Kousgård Sørensen: *Stednavneforskning 1.* København. 1972:9-29. (20 sider)

Øystein Frøysadal: «Fjellnamn i Hordaland og Sogn og Fjordane». Jørn Sandnes og Per Tylden (red.): *Namn i fjellet.* Oslo 1968:70-87. (15 sider)

Lars Ekre: «Namngjeving av Jotunheimen og nokre andre fjell i turistleia». Botolv Helleland (red.): *Norske stedsnavn/stadnamn.* Oslo 1975:92-104. (10 sider)

Thor Frette: «Samiske stedsnavn». Botolv Helleland (red.): *Norske stedsnavn / stadnamn.* Oslo 1975:105-118. (10 sider)

Peter Hallaråker: *Innføring i stadnamn.* Oslo 1997. (250 sider)

Botolv Helleland: «'Over til Tromsø'-. Om opphavet til bynamna». Botolv Helleland (red.): *Norske stedsnavn/stadnamn.* Oslo 1975:80-91. (10 sider)

Botolv Helleland: «Kjelder for norsk stadnamngransking». Institutt for namnegransking. Årsmelding 1980. Universitetet i Oslo 1981:21-32. (10 sider)

Botolv Helleland: *Adresser og stadnamn. Del 2. Stadnamn i offentleg og privat bruk.* Oslo 1993:63-173. (110 sider).

Per Hovda: «Vatn og øyar og tusen fjell. Namngjeving av norsk natur». Botolv Helleland (red.): *Norske stedsnavn/stadnamn.* Oslo 1975:21-47. (25 sider)

Per Hovda: «Nasjonal og internasjonal standardisering av stadnamn. Tankar kring eit språkvitskapleg spursmål». *Med lov skal land byggjast. Heiderskrift til Knut Robberstad 70 år.* Oslo 1969:55-66. (10 sider)

Gustav Indrebø: «Kasus obliquus i norske stadnamn». *Maal og Minne* 1926:71-102. (30 sider)

Gustav Indrebø: «Kartverk og stadnamn». *Nynorsk og bokmål.* Bjørgvin 1932:50-64. [Trykt opp att i Jarle Bondevik og Oddvar Nes (red.): Gustav Indrebø: *Kva er målreising?* Bergen 1976:178-193.] (15 sider)

Gustav Indrebø: «Norsk stadnamngransking». *Namn och bygd* 26, 1938:103-123. [Trykt opp att i Ola Stemshaug (red): *Norsk stadnamngransking. Ei artikkelsamling.* Oslo 1973:9-29.] (20 sider)

Oddvar Nes: «Ei ferd langs 'Nordvegen'. Fjordnamn og landskapsnamn». Botolv Helleland (red.): *Norske stedsnavn/stadnamn.* Oslo 1975:63-79. (15 sider)

Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne. Forord og Indledning.* Kra. 1898:1-40. (40 sider)

Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne.* Kristiania/Oslo 1897-1936. Bind 10, 11, 12 eller 13.

Jørn Sandnes: «Fra gudehov til kirkested. Et kapittel av stedsnavnenes kulturhistorie». Botolv Helleland (red.): *Norske stedsnavn / stadnamn.* Oslo 1975:48-62. (15 sider)

Peter Slotte: «Finlandssvenska namnvårdsproblem». *Ortnamn värda at vårda.* Föredrag från Riksantikvarieämbetets symposium Ortnamnskultur. Stockholm 1994:63-70. (8 sider)

Ola Stemshaug: *Namn i Noreg.* Oslo 1985:60-152. (92 sider)

Per Thorson: «Stadnamn-gransking på Vestlandet – problem og resultat». *Syn og Segn* 1947:443-456. (10 sider)

Mattias Tveitane. «Fra ord til navn». Mattias Tveitane (red.): *Fra ord til navn. Språklig navnegransking.* Bergen-Oslo-Stavanger-Tromsø 1983:11-17. (5 sider)

Reaksjonen frå studentane har vore at omfanget av det teoretiske pensumet har vore for stort, og at delar av det har vore vanskeleg.

Undervisningsansvar og undervisningstilbod

Eg har sjølv hatt eit overordna ansvar for heile opplegget og halde om lag 45 av 60 forelesingar pluss rettleiing. Dei resterande 15 har vore gjevne av følgjande gjesteforelesarar:

Førsteamanuensis Botolv Helleland (4 t): «Definisjonar av termen stadnamn», «Kjelder for norsk stadnamngransking», «Stadnamnfunksjonar og stadnamnvern», «Norsk stadnamnarkiv».

Førsteamanuensis Ola Stemshaug (4 t): «Inndeling av stadnamn», «Norske elvenamn».

Professor Oddvar Nes (2 t): «Tolking av utvalde stadnamn, m.a. namnet Volda».

Professor Jørn Sandnes (2 t): «Namn og busetnad».

Amanuensis Terje Larsen (4 t): «Normering av skrivemåten av stadnamn».

Undervisningsform
Meininga var å prøve ut eit opplegg med ei blanding av seminarforma med studentinnlegg og forelesingsforma med førebudde forelesingar, men det har (dessverre) vorte mest forelesingar med spørsmål. Innsamlinga av om lag 100 namn med tilhøyrande klassifisering og analyse har gått parallelt med undervisninga. Etter mi eiga vurdering har dette vore vellykka både fagleg og pedagogisk. Studentane har på denne måten fått ei viss trening i innsamlingsarbeid, innsikt i metodiske problem både når det gjeld innsamling og tolking (bruk av lydopptak, karttilvising og skriftnormering og tolking).

Studentane har gjeve uttrykk for at dei har vore rimeleg nøgde med opplegget, men indirekte sagt at det har vore tilbode for mange forelesingar.

Innsamlingsoppgåva
Som nemnt ovanfor har kvar student åleine (eller saman med ein medstudent) samla inn om lag 100 namn, som dei har skrive ei oppgåve om. Kravet til lydopptak, lydskrift, karttilvising og opplysningar om stadene har vore høgt. Alle har gjeve uttrykk for at arbeidet med innsamlinga har vore både inspirerande og fagleg nyttig.

Eksamen og eksamensform
Som nemnt ovanfor har studentane kunna velje mellom individuell heimeeksamen med etterfølgjande munnleg og tradisjonell skuleeksamen på 8 timar.

Storparten av studentane har valt individuell heimeeksamen. Sjølv meiner eg at ei semesteroppgåve med munnleg vil høve best for denne typen opplegg, men det er det dessverre ikkje rom for i studieplanen.

Når dette blir skrive, er vi ikkje ferdig med eksamen, slik at vi enno ikkje veit resultatet.

Mi eiga vurdering av opplegget
Det har ikkje vore gjennomført noka formell evaluering frå studentane si side. For min eigen del har opplegget vore fagleg inspirerande, særleg arbeidet og rettleiinga i samband med innsamlingsoppgåva. Gjesteforelesarane har fungert spesielt godt ved at dei har teke føre seg sentrale og vanskelege delar av pensum. Men samla sett har likevel opplegget vore svært arbeidskrevjande, særleg arbeidet med innsamlingsoppgåva.

Peter Hallaråker
Volda

NORSKE BOKSTAVAR I FARE

Den internasjonale standardiseringskomiteen har gjort framlegg om å ta bort dei norske bokstavane *æ, ø* og *å* frå pass og andre reisedokument. Ein som heiter Øystein Værås, må då finna seg i å få namnet bokstavert Oystein Vaeraas. Grunnen er effektivisering og tilpassing til internasjonal

bokstavstandard. Men det vert understreka at det berre er det maskinleselege feltet nedst på personalsida i passet som skal ha denne skrivemåten. Justisdepartementet har ikkje teke stode til bokstavspørsmålet, men ein talsmann seier at det er naturleg å ta omsyn til internasjonale standardar.

Norsk språkråd har uttala seg mot dette framlegget og fått støtte frå Kulturdepartementet. Dessutan har Svenska språknämnden i eit brev til Norsk språkråd vist til at det finst elektroniske løysingar på slike problem og føreslått at dei nordiske språknemndene går saman om å verna om dei nordiske "sær"-bokstavane.

BH

DIANA-BOOM

Etter at prinsesse Diana omkom i ei bilulykke i Paris 31. august 1997, vart ho nærast opphøgd til ein helgen. I avisene kunne ein lesa at mange foreldre ville kalla opp døtrene sine etter henne. Diana var ikkje berre ein av dei mest ettertrakta objekta for tabloidpressa, ho var og engasjert i internasjonalt fredsarbeid, m.a. i arbeidet med å uskadeleggjera landminer. Etter ho var død, er det skipa eit fond for humanitære formål til minne om henne.

Det er vel ei vanleg meining at spesielt kjende og omtykte personar verkar inn på namnemotane, det er berre ikkje så lett å kartleggja påverknaden. Her har ein eit godt utgangspunkt for å prøva denne teorien. Kor høgt vil no Diana klatra opp på lista over populære førenamn i Storbritannia og eventuelt i andre land, og kor lenge vil "boomen" vara? Våre britiske kollegaer bør ha fyrsteretten til ei slik undersøking. Dersom Diana-effekten råkar vårt land, kan ein slå fast at media nok ein gong har lukkast i å sprengja grenser.

BH

NORMERING OG BRUK AV NAMN

EVALUERING AV NAMNEKONSULENTTENESTA

Som dei fleste lesarane av Nytt om namn er kjende med, arbeider Kulturdepartementet med ei evaluering av Lov om stadnamn. Lova har no verka i vel 6 år, og det namnefaglege miljøet, Kartverket og ei rekkje andre offentlege instansar og frie interessegrupper er dregne inn i evalueringsprosessen. Det er grunn til å tru at mange ulike synspunkt har kome fram. Venteleg vil Kulturdepartementet koma med ei tilråding i saka ein gong i 1998, anten i form av forskriftsendring eller som lovframlegg.

Det innlegget som følgjer her, vart halde som innleiing til diskusjon på eit samrådingsmøte for Kartverket og namnekonsulenttenestene den 18. september 1997.

Ordninga med vitskaplege stadnamnkonsulentar har eksistert i nærare 120 år. Oluf Rygh vart engasjert som namnekonsulent for Noregs geografiske oppmåling frå 1879, over hundre år etter at institusjonen vart grunnlagd. Då Rygh døydde i 1899, overtok Gustav Storm dette ombodet. Han døydde i 1903 og vart etterfylgd av riksmålsmannen Hjalmar Falk. I 1912 fekk Falk etter eige ynske med seg Marius Hægstad som medkonsulent. Hægstad sokna til landsmålet, og dermed var grunnlaget for ei måldelt eller målbasert namnekonsulentordning lagt. I 1929 vart nemningane bokmål og nynorsk innførte, og frå den tida kunne ein snakka om bokmålskonsulent og nynorskkonsulent. Dette prinsippet har sidan vore fylgt, også etter at stadnamnlova tok til å gjelda.

Dei bokmålskonsulentane som har site lengst i denne stolen, og som såleis har hatt størst høve til å verka inn på normeringsarbeidet, er Alf Sommerfelt (1927-65) og Eyvind Fjeld Halvorsen (1965-1991). For landsmål/nynorsk var det Gustav Indrebø og Per Hovda, den fyrste frå 1923 til han døydde i 1942, den andre frå 1942 til 1984.

Av skriv og namnelister i Riksarkivet og ved Seksjon for namnegransking går det fram at det var nynorskkonsulentane som utførte det meste av arbeidet. Det har vel delvis å gjera med at menn som Indrebø og Hovda heldt til ved Stadnamnarkivet og såleis hadde lettare tilgang til materialet. Det kan òg tenkjast at sidan landsmål/nynorsk skulle vera retningsgjevande for normeringa, fall det meir naturleg for bokmålskonsulenten å overlata ein større del av arbeidet til nynorskkonsulenten, sjølv om ingen av konsulentane frå bokmålssida kan ha vanta kunnskap i slike saker. Konsulentane frå bokmålssida har hovudsakleg kome med merknader og tillegg til det nynorskkonsulentane førte i pennen.

Ordninga med ulik målbakgrunn er merkeleg nok ikkje nedfelt i noko regelverk. Den kgl. resolusjonen frå 28. april 1933 fastsette at det skulle vera «i regelen tvo» namnekonsulentar, men utan å nemna måltilknyting. Det same gjeld kronprinsregentens resolusjon frå 31. mai 1957. Her vert det òg sagt at det skal vera «i regelen to» namnekonsulentar. Dessutan kom det med eit tillegg om at det skal oppnemnast to andre sakkunnige som saman med dei ordinære konsulentane gjev tilråding til departementet i namnesaker det er tvist om. Ekstrakonsulentane har òg hatt språkleg bakgrunn i kvart sitt mål.

I § 9 i lov om stadnamn står det at «Departementet oppnemner stadnamnkonsulentar for norske, samiske og finske stadnamn», og i merknadene til paragrafen vert det presisert kor lenge dei skal sitja, og kva kvalifikasjonar dei skal ha, men det vert ikkje sagt noko om målbakgrunn. Heller ikkje Stadnamnutvalet har ytra seg om akkurat dette. Ved oppnemninga av namnekonsulentar har departementet likevel valt å halda oppe praksisen med ulik målbakgrunn for konsulentane. Det kan tenkjast at likestillinga av nynorsk

og bokmål som rettesnor kan ha hatt noko å seia for å halda på praksisen med måldelte namnekonsulentar. Dette har kome til uttrykk i merknadene til § 4 i lova, der det står at båe målformer skal vera likestilte ved normeringa. I merknaden til §8 om klager er kravet til språkleg representasjon presisert slik: «I saker som gjeld norske stadnamn, skal nemnda i tillegg ha ein medlem for kvar målform. I saker som gjeld samiske eller finske stadnamn, skal nemnda ha ein medlem for samisk eller finsk.»

I 1957-føresegnene vart det òg fastsett at det skulle oppnemnast særskild namnekonsulent for samiske stadnamn. Kartverket hadde då alt lenge nytta seg av samisk ekspertise. Den fyrste konsulenten for samisk var Jens A. Friis. I 1896 vart han etterfylgd av Konrad Nielsen, som sat heilt fram til 1953. Deretter vart Knut Bergsland konsulent, og då dette ombodet var delt i 1971 mellon nord- og sørsamisk, fekk han Thor Frette med seg som konsulent for nordsamisk. Med stadnamnlova vart også den samiske namnekonsulenttenesta monaleg styrkt, dessutan kom finsk til. I forskriftene er dette presisert ved at det skal vera namnekonsulentar for nordsamiske, lulesamiske, sørsamiske og finske stadnamn.

I kor stor grad namnekonsulentane frå eldre år hadde hjelp til å utføra arbeidet, t.d. med å finna fram til grunnlagsmateriale, kjenner eg ikkje til. Truleg har dei hatt litt assistanse av og til av arkivpersonalet, men stort sett har dei utført arbeidet sjølve. I dei åra eg hadde Per Hovda til sjef, var det sjeldan at han spurde nokon av dei tilsette om opplysningar. I dei siste åra han fungerte som namnekonsulent, vart det likevel innført ein praksis med sekretærhjelp, og i den tida eg sjølv var namnekonsulent etter den gamle ordninga (frå 1984 og fram til stadnamnlova tok til å gjelda i 1991), var det ei fast ordning med timebetalte sekretærar i eit omfang som periodevis svarte til bortimot ei halv stilling, betalt av departementet og i nokon mon av Statens kartverk. Situasjonen for namnekonsulentane hadde såleis vorte monaleg betre, men framleis tok sakene lang tid, og mange namn kunne heller ikkje verta handsama. Saksgangen var likevel langt enklare den gong, sidan det ikkje var tale om høyring eller om meir enn éi tilråding.

Det var såleis med god grunn at Stadnamnutvalet tilrådde ei ordning med fast tilsette konsulentsekretærar, noko departementet fylgde opp med i merknadene til lovproposisjonen. Dermed fekk me den ordninga som har vore sidan 1991, med ei heil sekretærstilling i Oslo og fire halve stillingar i Bergen, Trondheim og Tromsø og Kautokeino (den siste vart omgjort til heil stilling i 1994. Grunngjevinga for denne fordelinga har vore at sekretæren i Oslo dekkjer eit større område enn dei andre og er samstundes sekretær for Klagenemnda, og at sekretæren i Kautokeino er sekretær for både tre samiske språk og for finsk.

Når stadnamnlova no skal evaluerast, er det naturleg at namnekonsulenttenesta vert sett under lupa. Men det er vanskeleg å vurdera denne ordninga utan samstundes å sjå på dei andre reglane i lova. Dersom saksgangen vert radikalt forenkla, kan nok konsulenttenestene slankast. Slik det er no, krev lova eit omstendeleg arbeid både når det gjeld å finna fram til det

kjeldematerialet som trengst, og når det gjeld sjølve saksgangen. Båe delar er det vanskeleg å gjera noko med dersom ein vil halda oppe eit fagleg nivå og elles leva opp til den demokratiske prosessen lov om stadnamn er meint å vera.

Kan det då tenkjast andre ordningar? Dersom ein person frå eit rasjonaliseringsbyrå skulle vurdera situasjonen, ville han sannsynlegvis gå inn for å sentralisera konsulenttenestene og innføra meir profesjonelle kontorrutinar, kanskje med meir datatilgang enn no. Eg trur òg at ein kan oppnå noko ved å rasjonalisera sjølve kontorarbeidet, men det faglege arbeidet vil ta si tid i alle fall. Lova er då òg utforma slik at ein ikkje kjem unna ein vesentleg ressursbruk. Konsulentsekretærane er overarbeidde, og det må gjerast noko med deira situasjon om lova skal haldast oppe om lag slik som no. Når ein så veit at ei mengd namnesaker ikkje vert tekne opp på grunn av manglande kapasitet, er det lett å sjå at situasjonen i dag er utilfredsstillande.

Eit anna spørsmål er om det er naudsynt med så mange konsulentar. Treng ein t.d. ein konsulent for kvart mål? Det har sjeldan vore dissens mellom bokmåls- og nynorskkonsulenten når det gjeld tilrådingane, og slik sett er ikkje denne ordninga så vesentleg. Eventuell usemje mellom konsulentane har heller gått på ulik vektlegging av t.d. uttale eller skrifttradisjon. Ei løysing her kunne vera ei nokolunde jamn målfordeling mellom konsulentane på landsbasis. Dersom det var usemje med bakgrunn i ulike målsyn, kunne det takast opp på samrådingsmøta. Ein kunne òg tenkja seg at ein person kunne fungera som konsulent for eit anna område enn der han var tilsett dersom han hadde særlege kvalifikasjonar for det. Ei innvending mot dette er naturlegvis at det er tungvint når ikkje ein slik «utplassert» konsulent er på det aktuelle området, sjølv om nok kommunikasjonslinene stendig vert betre.

Ein meir sentralisert og mogelegvis meir rasjonell modell kunne vera å byggja opp konsulentapparatet under Statens kartverk og la denne etaten, som har ein heilt sentral funksjon i vedtaksprosessen, vera administrativt ansvarleg for konsulentane. Dette kunne særleg vera aktuelt om Kartverket vart vedtaksorgan for alle nedervde stadnamn i offentleg bruk, slik det har vore nemnt. Ein kunne òg tenkja seg at Norsk språkråd, som no administrerer budsjettet for namnekonsulenttenestene, la heile dette apparatet under sine venger.

Det vil sikkert koma fleire andre utspel om konsulentordninga. Mitt syn er at den ordninga som er bygd opp som resultat av stadnamnlova, har knytt namnekonsulenttenesta nært til fagmiljøet. Dette er det ein lang tradisjon for, og eg ser det som viktig å halda han oppe. Dessutan har ordninga tilført fagmiljøa vesentlege ressursar og vore med på å styrkja universiteta. Vidare har desentraliseringa av konsulenttenesta hatt mykje å seia for kontakten med brukarane, og dermed for den demokratiske prosessen som namnevedtaka skal utgjera.

Når det gjeld ordninga med ein bokmåls- og ein nynorskkonsulent ved kvar konsulentteneste, meiner eg det er ein føremon å halda henne oppe. Eg trur det er lettare å få forståing for tilrådingane når brukarane veit at personar med ulik målbakgrunn står bak. I eit språkkløyvd land som Noreg vil mange framleis oppfatta normering av stadnamn som ein del av målstriden.

Konsulentane bør så langt råd ha namnefagleg bakgrunn, men det skulle ikkje vera noko i vegen for at dei kan ha eit slikt ombod med anna fagleg tyngdepunkt i norsk språk. Ordninga med to konsulentar på kvar stad meiner eg er viktig av di ein då kan drøfte dei mange tvilstilfelle som dukkar opp i normeringa. Når det gjeld konsulentane for samisk og finsk, ser eg det og som viktig å halda oppe ordninga med konsulentar for dei ulike språka. Ei brei og solid fagleg forankring vil vera ein garanti for kvaliteten av arbeidet.

Sjølve konsulentane vil neppe kosta meir enn før, men avgjerande for at konsulenttenesta skal kunna fungera tilfredsstillande, er at sekretærane får betra arbeidsvilkår. Og det vil måtta krevja noko høgare tilskot frå departementet.

Botolv Helleland
Oslo

FOLKEAVSTEMMING OM KOMMUNENAVNET EIGERSUND

Frå Arvid Midbrød, Egersund, har vi fått tilsendt det følgjande avisinnlegget framfor folkeavrøystinga om kommunenamnet E(i)gersund 1. november, med ein kommentar i etterkant av avrøystinga. Innlegget stod i egersundsavisa Dalane Tidende 15. august 1997 og i Stavanger Aftenblad 22. september ("sistnevnte sted med en forvirrende trykkfeil", opplyser forfattaren).

Som kjent skal Eigersund kommunes innbyggere i løpet av høsten gjennom en folkeavstemming kunne si sin mening om kommunenavnet Eigersund. Skal en dømme etter den interesse som har gjenspeilet seg i avisenes spalter, er det en meget laber interesse for spørsmålet, og mange mener at saken aldri burde ha vært reist. De få avisinnleggene som har vært på trykk, har dessuten til dels vært så misvisende, at det i høy grad trenges supplerende opplysninger.

Som kjent fikk den nye bykommunen som ble opprettet i 1965 av de tre tidligere kommunene Egersund, Eigersund, Helleland og deler av Heskestad, navnet Eigersund. Navnet på den nye kommunen ble bestemt ved kongelig resolusjon av 15. mai 1964, etter at de tre kommunene, fylkesutvalget og statens navnekonsulenter hadde fått uttale seg. Under avstemmingen i et fellesmøte for de tre kommunestyrene i 1964, stemte 39 representanter for Egersund, mens 26 stemte for Eigersund. I fylkesutvalget var det flertall for Eigersund, og også statens navnekonsulenter gikk inn for denne form. For Egersund stemte naturligvis alle de 29 representantene fra Egersund bystyre, mens bare 10 fra de andre kommunestyrene stemte for denne form. Navnet på kommunen ble deretter bestemt etter de lover og regler som gjaldt ved kommunesammenslåinger.

Når det gjelder navneformen Eigersund, så er dette den gamle nedarvede talemålsformen som har eksistert helt opp til vår tid i store deler av Rogaland og Agder, og den ble også brukt som offisiell skriftform i 1600-årene. Navnet

har sin opprinnelse i trenavnet eik, som overalt i dette området uttales med diftong. Eigersund kommune har i sitt byvåpen et eikeblad. Navnet Eigerøy, som også har en nær sammenheng med kommune- og bynavnet, har offisielt hatt denne formen siden 1920-årene. Det er også lenge siden alle stedsnavn i området som inneholder ordet eik, fikk inn igjen den norske diftongen, slik at de offisielle formene ble Eigeland, Eigeli, Eigestad o.s.v., tildels også skrevet med k. Det var også som et ledd i fornorskingen av landets stedsnavn at Eigersund herred fikk navneformen Eigersund ved kongelig resolusjon av 3. november 1917. Samtidig og i årene omkring dette tidspunkt, fikk en rekke av landets kommunenavn en form som var mer i harmoni med norsk talemål og språkhistorie. Øvre og Nedre Eker ble til Øvre og Nedre Eiker, Ogne ble til Ogna, Birkrem til Bjerkreim, Rennesø til Rennesøy, Finnø til Finnøy, Stenkjær til Steinkjer, Trondhjem til Trondheim o.s.v.

Det er derfor et ubegripelig forslag som nå legges fram for avstemming. Skulle en endring av kommunenavnet la seg gjennomføre, er det å gå baklengs i historien. Neppe noen ville idag gå tilbake til former som Birkrem, Finnø, Eker, Stenkjær o.s.v. I tillegg til forslag om navneendring har avstemmingsforslaget fått en helt udemokratisk utforming. Velgerne skal få lov til å stemme over om kommunen og tettstedet skal hete Egersund, eller om det skal være som nå, at kommunen heter Eigersund og tettstedet Egersund. En slik navnebruk er egentlig det samme som om en ville finne på å bruke Trondhjem i Trondheim og Sandnæs i Sandnes, for å bevare gamle skriftformer fra dansketiden.

Da det i 1969/1970 kom inn forslag om å endre navnet på Florø og Egersund postkontor og telestasjon til henholdsvis Flora og Eigersund p. og t., ble dette avvist av kommuneadministrasjonen i Eigersund. I den forbindelse uttalte statens navnekonsulenter med henvisning til navnevedtaket i 1964:

> Det hadde vore å venta at alle offentlege institusjonar straks hadde retta seg etter den namneform som staten hadde fastsett og gått over til å bruka FLORA og EIGERSUND. Når dette ikkje vart gjort, måtte det bli uføre. Skuleborna lærte at kommunen bar namnet Flora og Eigersund, men poststaden og telestasjonen bar namnet Florø og Egersund. På breva stod det: Eigersund kommune, Egersund, Flora kommune, Florø.
> Dette er ille. Staten bør snarast råd er syta for at alle offentlege institusjonar som post- og televerk snarast går over til å nytta den vedtekne forma for kommuneinndelinga: FLORA og EIGERSUND.

Kommunen argumenterte den gang med at både postkontor og telestasjon lå i tettstedet Egersund og måtte av den grunn bruke navnet Egersund. I dag ligger hovedpostkontoret utenfor den gamle bygrensen, i tidligere Eigersund kommune.

Hadde Eigersund kommune i 1964 og 1970 fulgt navnekonsulentenes råd, ville problemet med de to navneformene ikke ha eksistert i dag. Slik avstemmingen nå er lagt opp, er det ikke mulig å stemme på navnekonsulentenes

forslag om formen Eigersund både for kommunen og tettstedet. Dette kan virke som en provokasjon mot den kongelige resolusjonen fra 1964 og mot statens eksperter på navnehistorie. Egentlig burde staten og fylkesmannen ha avvist en slik folkeavstemming. Men i alle fall bør kommunens innbyggere ved valget vise at kommunenavnet Eigersund er kommet for å bli.

Kommentar etter avstemmingen

Dette innlegget stod, som nevnt i ingressen, i *Dalane Tidende* og *Stavanger Aftenblad.* Framover mot avstemmingen foregikk det i de to nevnte avisene og i andre media en til dels forvirrende og følelsesladet debatt, som en ikke skulle tro bare dreide seg om en enkelt bokstav. En del av handelsstanden i Egersund var også sterkt engasjert gjennom opphenging av opprop for fjerning av i-en, og det ble også gjennom en stor annonse i lokalavisen og en løpeseddel som ble sendt til alle husstander i kommunen oppfordret til å stemme på endring av kommunenavnet. Begge disse oppropene var undertegnet "egersundere".

Avstemmingen fant sted 1. november, og fikk følgende resultat: 54,1% stemte for at kommunen burde hete Egersund. 45,9% stemte for at kommunenavnet burde være som nå: Eigersund. Som ventet av de fleste, var valgdeltakelsen svært liten, bare 29,2% av de stemmeberettigede brukte sin stemme.

eit tosifra tal frå 00 til 20. Nummereringa er laga på den måten at fylka er oppstilte alfabetisk, Akershus får såleis 01, Aust-Agder 02 osb., altså eit anna system enn det som er nytta i den norske forvaltninga. Jan Mayen har JN00, Svalbard SV00.

Sist i innleiingsdelen står ei alfabetisk liste på over 800 etterledd med omsetjing til engelsk. Her ser ein straks at utgjevarane ikkje kan ha hatt kjennskap til norsk. Ein ting er at eldre skrivemåtar av same ordet er oppførte for seg med omsetjing og utan krysstilvising til den moderne skrivemåten, t.d. finn ein *bæk* ein stad og *bekk* ein annan stad. Men det som særleg viser at ein norskspråkleg konsulent burde ha vore inne i biletet, er at ulike skrivemåtar og ulike bøyingsformer av same ord ofte er oppførte med ulike forklaringar på engelsk, som om det var ulike ord, t.d. er *båene* forklart med 'reef(s)', *båerne* med 'rock(s)', *båan*, *båane* med 'bank(s), reef(s), rock(s), shoal(s)'. *Dal* står oppført med 'valley', *dalen* med 'pass, ravine, valley', *djup* er omsett med 'bank(s)'. Og ein ekstra kuriositet kan avslørast i oppslaget *banestasjonen*, forklart som 'railroad station'.

FNs ekspertgruppe for geografiske namn (UNGEGN) har som eit hovudmål å standardisera stadnamnbruken internasjonalt på grunnlag av normeringsreglane i dei einskilde landa. I den samanhengen har det vore gjeve ut retningsliner, i FN-terminologien «Toponymic guidelines for map and other editors», nettopp for å hjelpa andre land med å forstå og bruka namn på ein mest mogeleg korrekt måte. Slike retningsliner har vore utarbeidde for Noreg tidlegare og lagde fram for FN. Dei er no under revisjon, og venteleg vil U.S. Board of Geographic Names kunna nytta dei ved neste utgåve av det norske stadnamnregisteret.

BH

AVHANDLINGAR

DOKTORAVHANDLINGAR

Eskeland, Tuula: *Fra Diggasborrå til Diggasbekken. Finske stedsnavn på de norsk finnskogene.* Universitetet i Oslo 6. mai 1995.

Bakken, Kristin: *Leksikalisering av sammensetninger. En studie av leksikaliseringsprosessen belyst ved et gammelnorsk diplommateriale fra 1300-talet.* Universitetet i Oslo 9. november 1996.

FERDIGE HOVUDOPPGÅVER 1996 OG 1997

Leer, Gunn Elin: *Personnavnbruken i Røros prestegjeld 1691-1995.* Trondheim 1996 H.

Markussen, Astri Karin: *Navn og næring. Stedsnavn knyttet til primærnæringer i Vikdalen, Hundålvatnet, Hundålvassdalen, Høynesdalen og Digermulen i Vefsn kommune på Helgeland.* Trondheim 1997 V.

Rode, Astrid: *Tradering av norske og finske bostedsnavn på Grue Finnskog.* Oslo 1997 V.

Vi viser elles til nr. 24 av *Nytt om namn* der dei andre hovudoppgåvene frå 1996 er oppførte. (Oppgåva til Leer var ikkje med i dette oversynet.)

HOVUDOPPGÅVER UNDER ARBEID (ARBEIDSTITLAR)

I nr. 25 hadde vi eit oversyn over hovudoppgåver under arbeid i Oslo og Tromsø. Her supplerer vi med oppgåver frå Bergen og Trondheim:

Bergen

Melstveit, Gro: *Personnamn i Sauda.*

Selland, Tove Emmy: *Gardsnamn på -stad i Rogaland og Hordaland.*

Trondheim

Carlsen, Morten: *Stedsnavn fra Tiller*

Johansen, Janne: *Personnavn i Alta.*

OMTALE AV HOVUDOPPGÅVER

Vi held fram med omtalen av hovudoppgåver frå dei siste åra - denne gongen tre oppgåver om personnamn og to om stadnamn. Ved eit seinare høve reknar vi med å omtale dei som det ikkje er plass til her.

Eva Forsaa Mikkelsen: *Stedsnavn i Ibestad. Navnedød.* Tromsø H 1995. 400 sider.

Før eg går nærmare inn på innhaldet, fell det naturlig å gjøra seg nokre refleksjonar om arbeidssituasjonen til nokre av hovudfagsstudentane. Eva Forsaa Mikkelen er ei av dei som har måtta kombinere oppgåve, familieliv og jobb på ein stad langt unna eit universitet (Bjerkvik ved Narvik, ca. 20 mil frå Tromsø). Berre det å skrive ei hovudoppgåve på heile 400 sider er ei bragd i seg sjølv under slike forhold. I ein slik situasjon skulle ein tru at godt vaksne studentar må ha ein god porsjon idealisme for å få verket i hamn. Noko av drifkrafta hos dei er vel og ei glede over å gå tilbake til eigne røter - over å kunne skrive om kjente og kjære namn frå barndommens rike.

Hovudoppgåva til Forsaa Mikkelsen har ei interessant vinkling: Ho undersøker kva slags namn som dør bort i eit bygdesamfunn (nærmare bestemt Ibestad i Troms). Ho tek for seg stadnamn på åtte gardar (til saman

2250 namn) og kan konstatere at mange namn forsvinn. I somme tilfelle får lokaliteten da eit nytt namn, t.d. etter ny eigar av ei hytte. Men oftast forsvinn namnet, t.d. på ein stad i utmarka, utan at lokaliteten får nytt namn.

Ein viktig grunn til at namna forsvinn, er endringar i gardsdrifta. Ho peiker bl.a. på at ungane i mindre grad enn før er med i gardsarbeidet, t.d. fordi dei er bortreist på skole. Dermed kan dei ikkje føre vidare den rike namnekunnskapen som dei gamle er berarar av. Noko anna som og fører til namnedød, er at utmarka nå speler ei meir underordna rolle i gardsdrifta. Tidligare var utmarka ein verdifull del av næringsgrunnlaget, og dermed var det også funksjonelt at mange stader i utmarka hadde namn. Nå er altså mange av desse namna borte.

Det er eit imponerande materiale Forsaa Mikkelsen har samla inn (2250 namn). Det har sikkert vori arbeidskrevjande å få med dei detaljerte tilleggsopplysningane til kvart namn, t.d. kartreferanse, uttale og kodar for ulike klassifiseringar (naturnamn, kulturnamn osv.). Det aukar kjeldeverdien til oppgåva at ho har ein omfattande vedleggsdel (på nærmare 200 sider) der materialet er systematisk oppstilt. Dessutan har ho heilt til slutt i oppgåva eit register med sidetilvising til alle namn som er nemnt i oppgåva. Ei slik oppgåve ville det ha vori problematisk å skrive for nokre år sidan, men ved hjelp av moderne datateknikk har Forsaa Mikkelsen kunna systematisere namnetilfanget sitt på ulike måtar. Og resultata av desse systematiseringane har nedfelt seg i dei mange instruktive tabellane hennes.

Astrid Sundby Ulsnes: *Personnavnkompetanse. Et empirisk bidrag til norsk psykoonomastikk*. Oslo 1996. 109 sider.

Denne hovudoppgåva handlar om psykoonomastikk - og er dermed ein "sjeldsynt fugl" i norsk namnegransking. Oppgåva kan sjåas på som eit pionerarbeid, og Ulsnes har sjølv måtta orientere seg i faglitteratur som hittil har vori lite kjent her i landet.

Dei fleste hovudoppgåver om namn (både om personnamn og stadnamn) har lagt vekt på kvantitative aspekt. Når det gjeld stadnamnoppgåver, var det tidligare stilt krav om minst 1500 namn i oppgåva. Her får vi så ei oppgåve som legg meir vekt på kvalitative aspekt: Det er berre 10 informantar (småbarnsforeldre frå Jessheim-området) som inngår i undersøkinga. Dei namnetestane som Ulsnes gjør på informantane sine, er tankevekkande sjølv om ein kan setta spørsmålsteikn ved representativiteten (jf. det låge talet på informantar).

Ulsnes har utforma eit testskjema som intervjuobjekta har svart på. Resultata av testen viser at det er stor individuell variasjon blant intervjuobjekta. Når det gjeld dei namna som foreldra har gitt på sine eigne barn, viser det seg at dei hadde ei klar grunngjeving for namnevalet. Som Ulsnes seier, er namnevalet ein måte "å fortelle verden hvem man er eller hvem man ønsker å være".

Testresultata viser også at namn blir oppfatta som ein del av språket. Såleis speler fonologien ei viktig rolle: Namna skal innehalde "pene lyder" og ha god klang. Kva namnet tyder, har derimot lite å seia, t.d. *Theodor* ('gud '+ 'gåve'). Men folk har bestemte assosiasjonar til namn - og desse kan gå i ulike retningar, t.d. til ein dei kjenner som har det aktuelle namnet. Eit svært interessant funn er at fleire av informantane meinte at dei hadde funni fram til spesielle og uvanlige namn på barna sine - for etterpå å oppdaga at ganske mange i same aldersgruppa hadde fått det same namnet. Foreldra var altså overraska over at dei var ein del av ein trend som dei ikkje var klar over eksisterte.

Oppgåva til Ulsnes gir i det heile svært mange interessante resultat, og ho analyserer dei på ein innsiktsfull måte. At namn er noko viktig i livet, får ho fint fram med denne utsegna heilt til slutt i oppgåva: "Jeg tror jeg har belegg for å si at det å velge navn til et barn, er den mest bevisste og gjennomtenkte språkhandlingen en gjør i løpet av livet."

Alf Bjørge Aschim: *Personnamnsskikken i Lyngen i historisk perspektiv (1750-1969).* Oslo 1995 H. 199 sider.

Hovudoppgåva til Alf Bjørge Aschim er den fyrste oppgåva om personnamn i Troms. Som det går fram av oppgåvetittelen, er namneskikken i Lyngen sett i historisk perspektiv. Det er grunn til å understreke at det geografiske området *Lyngen* i denne samanhengen ikkje berre omfattar den nåverande Lyngen kommune, men også kommunane Storfjord og Kåfjord. Med tanke på samanlikning over tid er materialet inndelt i 8 periodar: 2 periodar på 1700-talet, 3 på 1800-talet og 3 på 1900-talet. Aschim bruker kyrkjebøker som materiale. I denne samanhengen er det med tanke på kjeldeverdien viktig at han kan påvise at kyrkjebøkene er meir å lite på enn folketeljingar når det gjeld bruken av dobbeltnamn. Han har nemlig samanlikne resultata sine med resultat bygd på folketeljingsmateriale i ei mellomfagsoppgåve frå Lyngen (Kristin Sjursen: *Fornamna i Lyngen - med vekt på kvinnenamna 1840 - 1900*, Univ. i Tromsø 1993). For perioden 1840-1900 finn han såleis at 75% av kvinnene har dobbeltnamn, mens folketeljingsmaterialet i oppgåva til Sjursen viser at berre 44% har slike namn. Aschim kjem ikkje nærmare inn på grunnar til denne skilnaden, men det er rimelig å tru at folk i ein "folketeljingssituasjon" var mindre nøye med å oppgi alle fornamna, mens presten nok var meir påpasselig med å få med alle fornamna i kyrkjeboka.

Læstadianismen har stått sterkt i Lyngen, og i utgangspunktet kunne ein derfor vente ein viss overrepresentasjon av kyrkjelige namn jamført med andre område. Aschim jamfører funna sine med Hadsel i Vesterålen (hovudoppgåva til Arvid Bræck, 1979). Noko overraskande finn han at dei reint kyrkjelige kvinnenamna står sterkare i Hadsel. Også dei reint kyrkjelige mannsnamna står sterkast i Hadsel i den fyrste perioden (1750-59), men seinare jamnar det seg ut - inntil Lyngen i dei to siste periodane på 1900-talet står att med eit sterkare innslag av reint kyrkjelige mannsnamn enn Hadsel.

Heilt allment finn Aschim at namneskikken i Lyngen er noko meir konservativ enn i Hadsel, og dette sett han i samanheng med at Hadsel ligg meir i leia for "dei store skipa som skulle nordover til Tromsø og Harstad" (s. 118). Den samiske folkegruppa står sterkt i Lyngen, og av namn som har vori mye brukt i denne folkegruppa nemner Aschim bl.a. *Erik, Aslak, Mattis, Elen, Laila* og *Aina*.

Gunn Elin Leer: *Personnavnbruken i Røros prestegjeld 1691-1995*. Trondheim H 1996. 105 sider.

Ettersom gruvebyen Røros har hatt tilflytting frå Tyskland, kunne ein i utgangspunktet vente seg meir bruk av tyske namn her enn elles i landet. Dette slår til for gutenamna i dei tidligaste periodane som Gunn Elin Leer undersøker. Dette gjeld t.d. det nokså vanlige namnet *Eimert* av tysk opphav. Derimot er det - med unntak av *Gjertrud* - ikkje spesielt mye bruk av tyske jentenamn. Leer finn at det er mest rimelig å forklare dette med at dei tyske gruvearbeidarane som slo seg ned i Røros, var ugifte menn. Ettersom det ikkje var tyske kvinner i gruvesamfunnet, vart det ikkje nokon tradisjon med tyske jentenamn.

På 1800-talet var det i Røros - som elles i landet - tatt i bruk mange nye namn. Ein av grunnane til dette var aukande bruk av dobbeltnamn. Her kom dei nye namna i større grad inn i 2. posisjon enn i 1. posisjon, t.d. *Darvid*, som Leer tolkar som ei samansmelting av *David* og *Arvid*. Skikken med dobbeltnamn kom fyrst i bruk blant dei kondisjonerte på Røros, og seinare følgde bønder og gruvearbeidarar etter. Men heilt fram til slutten av 1800-talet var det forholdsvis få gutar som fekk slike namn. Det vanligaste dobbeltnamnet blant gutar var *Hans Morten*, og så etablert var denne kombinasjonen at den i neste omgang kunne få "patronymkarakter": Ein son *Ole* av *Hans Morten* kunne såleis bli kalla *Ole Hans Mortensen*, der altså berre *Ole* skulle oppfattas som fornamn.

Den nordiske namnerenessansen står for den største revolusjonen i namnetilfanget. Denne namnemoten gir størst utslag blant gutenamna, og den varer også lenger for gutenamna. Dette er i samsvar med det som er påvist andre stader i landet. Heilt allment kom dei nye namneskikkane tidligare til Røros enn til andre område i fjell-Noreg. Det er sikkert riktig - som Leer peiker på - at grunnen til dette var at Røros var eit bysamfunn.

Innafor det området Leer undersøker, bur det også samar. Gutenamna blant samane avvik noko frå dei ein finn høgt oppe på popularitetslista for nordmenn. Særlig populært har *Tomas* vori, og dette forklarer Leer med oppkalling etter "samanes apostel" Thomas von Westen. Heilt allment fins det mange kyrkjelige namn blant samane, og dette samsvarar med det vi veit om namneskikken deira også lenger nord i landet. I nyare tid har namn som *Vaino* og *Ravna* vorti tatt i bruk som offisielle namn i Røros. Det er rimelig - som Leer gjør - å tolke dette som uttrykk for aukande samisk sjølvkjensle. Til slutt i hovudoppgåva si presenterer Leer instruktive tabellar over namnetilfanget i

Røros gjennom 16 periodar (frå 1691 til 1995). Heilt allment gir oppgåva til Leer mange interessante opplysningar om namnebruken i Røros.

GA

Astrid Rode: ***Tradering av norske og finske bostedsnavn på Grue Finnskog.*** **Oslo 1997 V.**

Dei finske stadnamna på Finnskogen er eit viktig granskingsemne på fleire måtar. Ei viktig side er å finna ut kva dei fortel om den finske busetnaden i området. Ei anna er korleis to ulike språk artar seg i møtet med kvarandre. Det fyrste større arbeidet om dei finske stadnamna på Finnskogen er Ragnvald Iversens *Finsk på norsk grunn* (1958), hovudsakleg ei materialsamling. Det største arbeidet til no har Tuula Eskeland stått for gjennom avhandlinga Fra *Diggasborrå til Diggasbekken. Finske stedsnavn på de norske finnskogene* (1994). Og våren 1997 leverte Astrid Rode inn hovudoppgåva *Tradering av norske og finske bostedsnavn på Grue Finnskog*. Målet med arbeidet har vore "å kartlegge i hvor stor grad bosetningsnavnene på Grue Finnskog er blitit tradert i løpet av en avgrenset periode og hvordan traderingen har artet seg" (s. 7). Forfattaren set opp ei rekkje delhypotesar som ho seinare testar, m.a. at namn vert borte når bustaden vert fråflytt, at norske namn er traderte i større grad enn finske namn, og opphavleg norske namn som er fonologisk tilpassa det finske språksystemet, er borte.

For å undersøkja dette har forfattaren plukka ut ca. 200 bustadnamn frå skriftlege kjelder som dokumenterer namn i munnleg bruk på Grue Finnskog i dette hundreåret. Materialet er henta frå Odd Ørnulf Træffens hovudoppgåve *Stedsnavn fra Grue Finnskog* (1939), frå Hans Martin Trøseids bygdebok frå Grue (1990), frå eit dataført materiale frå Grue kommune og elles anna skriftleg materiale. Forfattaren analyserer dette materialet ut frå to synsvinklar, for det fyrste kvart bustadnamn for seg, og for det andre relasjonen mellom dei finsk-norske namnepara, som ho har gruppert i fem kategoriar.

Forfattaren har ikkje kontrollert materialet ved eigne intervju, noko som ville vore ynskeleg. Trass i denne veikskapen har ho kome fram til resultat som det er all grunn til å festa lit til. Granskinga viser talet på bustadnamn på Grue Finnskog har gått attende i dette hundreåret, noko som ikkje er oppsiktsvekkjande i og for seg. Her som i andre tunt folkesette område har det vore mykje fråflytting. Men det er viktig at slike konklusjonar kviler på resultata av ein analyse. Ein faktor som har bremsa traderinga av finske namn, er at det finske språket har gått or bruk. Forfattaren kjem og til at norske namn i stor grad vert traderte i endra form, til dels finst fleire former av same namnet i bruk, medan finske namn, i den mon dei vert traderte, vert haldne oppe i uendra form. I motsetning til traderinga av norske namn, er traderinga av finske namn i liten grad avhengig av at lokaliteten har vore stabil. Dette vert forklart med at dei finske namna har ein særstatus mellom namnebrukarane. Namn vert traderte som språklege minnesmerke og

er i mindre grad funksjonelt motiverte. Dette er eit interessant trekk som opnar for vidare sosio- og psykoonomastiske innfallsvinklar.

Astrid Rode har teke for seg bustadnamna på Grue Finnskog. Dei er naturlegvis den viktigaste gruppa, og ho har med god grunn gjort ei avgrensing. Men det skulle ha vore interessant å få vita noko om korleis traderingssituasjonen er for utmarksnamna. Venteleg er situasjonen enno meir dramatisk for den finskspråklege delen.

BH

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

Det må naturleg nok liggje eit visst skjønn bak kva for publikasjonar som blir oppførte i *Norsk namnebibliografi,* men heilt allment legg redaksjonen vekt på å vere romsleg. I utgangspunktet vil det vere aktuelt å føre opp publikasjonar som er i samsvar med eitt eller fleire av desse kriteria:
- Emnet gjeld Noreg
- Forfattaren bur i Noreg
- Publikasjonen er utgjeven i Noreg

Redaksjonen har tidlegare oppmoda lesarane til å sende inn opplysningar om namnestoff frå mindre utbreidde publikasjonar, t.d. lokalhistoriske årbøker. Dette gjer vi også i dette nummeret (jf. *Tips om namneartiklar i mindre utbreidde publikasjonar*), men det er forholdsvis få som har reagert på denne oppmodinga.

Ein del av artikkeltitlane i denne namnebibliografien er henta frå litteraturkrøniken for Noreg (1996) i *Namn och bygd* 85 (av Gunnstein Akselberg og Gulbrand Alhaug). Elles skal Kristoffer Kruken ha takk for supplerande opplysningar. Ein kan nå skaffe seg nyttige opplysningar om namnelitteratur i ulike databasar på Internett, men problemet her er at det tek noka tid før desse databasane er ajourførte. Såleis har mye av litteraturen frå 1995 fyrst nå kommi inn i basane, mens det framleis manglar opplysningar frå 1996. I denne situasjonen er det mest rasjonelt å operere med to namnebibliografiar, slik det er gjort i dette nummeret:
- Norsk namnebibliografi 1996
- Norsk namnebibliografi 1994 og 1995 - tillegg

Tilsvarande vil det i haustnummeret for 1998 bli to bibliografiar: ein for 1997, og ein tilleggsbibliografi for 1996.

Gulbrand Alhaug

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1996

Akselberg, Gunnstein: Teori og empiri i norsk onomastikk. I: Kruken, Kristoffer (red.) 1996, s. 75-88.

Akselberg, Gunnstein: Namn på jordstykke i Voss kommune. I: *Studier i Nordisk Filologi* 75 (1996). [Ägonamn - struktur och datering. Rapport från NORNA:s tjugotredje symposium på Svidja 15-17 september 1995], s. 189-205.

Akselberg, Gunnstein: Namn i Fjell. I: Akselberg, Gunnstein m.fl.: *Det stig av hav... Fjell bygdebok.* Band 1. Bergen 1996, s. 419-460.

Akselberg, Gunnstein: Omtale av hovudoppgåver. I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 42-45.

Akselberg, Gunnstein: (red. saman med Ole-Jørgen Johannessen og Oddvar Nes): *Namn og Nemne.* Tidsskrift for norsk namnegransking. Årgang 13 - 1996. 127 sider.

Alhaug, Gulbrand: [Melding av] Utterström, Gudrun: *Dopnamn i Stockholm 1621-1810.* Uppsala 1995. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 14 (1996), s. 156-160.

Alhaug, Gulbrand: [Melding av] Kruken, Kristoffer (red.): *Slektsnamn i Norden. Rapport frå NORNAs tjueførste symposium i Oslo 17.-20. september 1992.* (NORNA-rapporter 58.) Uppsala 1995. I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 40-41.

Alhaug, Gulbrand: [Melding av] Kruken, Kristoffer (red.): *Slektsnamn i Norden. Rapport frå NORNAs tjueførste symposium i Oslo 17.-29. september 1992.* (NORNA-rapporter 58.) Uppsala 1995. I: *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 14:2 (1996), s. 241-246.

Alhaug, Gulbrand: Norsk namnebibliografi 1995. I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 45-52.

Alhaug, Gulbrand: Namneundertrykking i Bulgaria. I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 13-14.

Alhaug, Gulbrand (red. saman med Botolv Helleland): *Nytt om namn.* Meldingsblad for Norsk namnelag. Nr. 23 - 1996, 51 sider. Nr. 24 - 1996, 54 sider.

Alhaug, Gulbrand og Oddvar Nes: Nordisk namnforskning 1995. Norge. I: *Namn och bygd* 84 (1996), s. 113-120 (= *NORNA-rapporter* 62).

Aljoksjina, Maria L.: Egennavnenes grammatikk i moderne norsk. I: *NORskrift* 91 (1996), s. 1-87.

Aljoksjina, Maria: Oversikt over bøyningsformer av egennavn i norsk. I: Kruken, Kristoffer (red.) 1996, s. 329-339.

Andersson, Thorsten: *Losna* i Gudbrandsdalen. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 19-25.

Aune, Kolbjørn: Gardsnamnet *Haukvika* i Hemne - ei utfylling til "Norske Gaardnavne". I: *Årbok for Fosen* 35 (1996), s. 135-136.

Ausland, Tallak m.fl. (red.): *Navneregister til gårds- og slektshistorie for Søndeled*. Søndeled 1996. 324 sider.
Bergsland, Knut: Samisk som nordisk kilde I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 27-36.
Birkeland, Gunhild: *Skolo*. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 37-43.
Bjorvand, Harald & Börje Tjäder: Debatt. Plurala ortnamn. I: *Namn och bygd* 84 (1996), s. 137-141.
Bratrein, Håvard Dahl: [Melding av] Harsson, Margit og Botolv Helleland (red.): *Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet.* Avdeling for namnegransking. Universitetet i Oslo. Oslo 1995. I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 35-38.
Brédart, Serge: Sjå Valentine, Tim.
Brennen, Tim: Sjå Valentine, Tim.
Dyrdal, Kristian: Noen navn på sjøer og tjern. I: *Ringerike* 67 (1995/96), s. 32-33.
Ellingsve, Eli Johanne: Forsterket søkelys på Oluf Rygh. I: *Namn og Nemne* 13 (1996), s. 71-74.
Ellingsve, Eli Johanne: Metodiske problem ved datering av teignavn ved hjelp av datering av personen i utmerkingsleddet. I: *Studier i Nordisk Filologi* 75 (1996). [Ägonamn - struktur och datering. Rapport från NORNA:s tjugotredje symposium på Svidja 15-17 september 1995], s. 219-232.
Ellingsve, Eli Johanne: Stedsnavn som kategori i noen norske språkvitenskapelige verk. I: Schmidt, Tom (red.) Oslo 1996, s. 53-60.
Ellingsve, Eli Johanne: Studiedisiplinen navnegransking ved norske universitet. I: Kruken, Kristoffer (red.) 1996, s. 89-110.
Eskeland, Tuula: *Fra Diggasborrå til Diggasbekken. Finske stedsnavn på de norske finnskogene.* Doktordisputas ved Universitetet i Oslo. Svar frå doktoranden. I: *Namn og Nemne* 13 (1996), s. 114-116.
Gudlabadne. Ei kjelda med gode førenamn utgjeven av mållaga i Jondal, Odda og Ullensvang. Odda 1996, 132 sider.
Gunnersen, Gunner Fougner: *Kopperberget - Kauparberget*. I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 31-32. [Oppattrykt frå *Bygd og bonde. Tidssskrift for historie og folkeminner 1921.* Hamar 1921.]
Gyllin, Roger: [Melding av] Konstantinov, Yulian og Gulbrand Alhaug: *Names, Ethnicity, and Politics. Islamic Names in Bulgaria 1912-1992.* Oslo 1995. I: *Namn och bygd* 84 (1996), s. 160-163.
Hagland, Jan Ragnar: [Melding av] Fellows-Jensen, Gillian: The Vikings and their victims: the verdict of the names. The Dorothea Coke memorial lecture in northern studies delivered at University College London 21 February 1994 (1995). I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 14 (1996), s. 119-121.
Hallaråker, Peter: Bunden og/eller ubunden form som normert skriftform i offisielle stadnamn. I: *Namn og Nemne* 13 (1996), s. 35-51.

Hallaråker, Peter: Namnebrukarkrins og skriftnormering av stadnamn. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 117-124.
Halveg, Jarle: Skulebarnoppskrifter til rette. I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 12-13.
Hansen, Åse Kari: Navneforskning og nasjonsbygging. 1800-tallets forskning på nordiske språkminner i Normandie. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 61-70.
Harsson, Margit: Doktorgrad. I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 12-13.
Harsson, Margit: Stedsnavn - til lede og glede. I: *Apollon* 7:3 (1996), s. 16-19.
Harsson, Margit: Tilhøvet mellom skriftformer og uttaleformer av gardsnamn. Om eit utrykt manuskript etter Oluf Rygh. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 71-84.
Haslum, Vidar: Kva er eit stadnamn? I: *Namn og Nemne* 13 (1996), s. 7-34.
Helberg, Claus: Hva skal fjellet hete? I: *Fjell og vidde* 30:2 (1996), s. 8-11.
Helleland, Botolv: Namngjeving og namnetradisjonar. I: *Gudlabadne*. Ei kjelda med gode førenamn utgjeven av mållaga i Jondal, Odda og Ullensvang. Odda 1996, s. 11-18.
Helleland, Botolv: Norsk stadnamnarkiv 75 år. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 203-234.
Helleland, Botolv: *Onen* og *Vassfjøro* – to fjellnamn i Ulvik. I: *Namn og Nemne* 13 (1996), s. 53-66.
Helleland, Botolv: Ortsnamen als sozial- und religionsgeschichtliche Quelle vorchristlicher Zeit in Norwegen. I: Baumgartner, Walter & Hans Fix (red.): *Arbeiten zur Skandinavistik. XII. Arbeitstagung der deutschsprachigen Skandinavistik 16.-23. September 1995 in Greifswald.* (Studia Medievalia Septentrionalia 2.) Wien 1996, s. 137-151.
Helleland, Botolv: Ullins vang og Njords hov. Heidne gudar på kyrkjebakken? I: Rindal, Magnus (red.): *Fra hedendom til kristendom*. Oslo 1996, s. 125-140.
Helleland, Botolv: 1998 - klart for landing i Gudeåkeren. Det sakrale landskapet rundt Gardermoen. I: *På norske vinger* 20:2 (1996), s. 78-80.
Helleland, Botolv: Er fastsetting av veinavn enkeltvedtak? I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 16-17.
Helleland, Botolv: [Melding av] Eichler, Ernst et al. (eds.): *Namenforschung/Name Studies/les noms propres. Ein internationales Handbuch zur Onomastik/An international handbook of onomastics/Manuel international d'onomastique.* 1. Teilband. Berlin - New York 1995. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 14 (1996), s. 132-139.
Helleland, Botolv: [Melding av] Vopat, Christiane: *Zu den Personennamen des Hildebrandsliedes*. Heidelberg 1995. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 14 (1996), s. 162-163.
Helleland, Botolv (red. saman med Gulbrand Alhaug): *Nytt om namn.* Meldingsblad for Norsk namnelag. Nr. 23 - 1996, 51 sider. Nr. 24 - 1996, 54 sider.

Helleland, Botolv og Tom Schmidt: Hva betyr *Oslo*? I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 27-31.
H[elleland], B[otolv]: Namn på Ibsen-figurar på engelsk. I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 38-39.
H[elleland], B[otolv]: *Skarvheimen* eller *Nordfjella*? I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 14-15.
H[elleland], B[otolv]: [Melding av] Vere, Njål: *Listamålet III. Grammatikk, ordbok, stadnamn og folkeminne.* Vanse 1995. I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 45-46.
Horgen, Jan E.: Stedsnavn forsvinner ved adressetildeling. I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 17.
Jenstad, Tor Erik: Samrådingsmøte for namnekonsulenttenestene 1996. I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 5-7.
Johannessen, Ole-Jørgen (red. saman med Gunnstein Akselberg og Oddvar Nes): *Namn og Nemne*. Tidsskrift for norsk namnegransking. Årgang 13 - 1996. 127 sider.
Jørgensen, Bent: Augustdage omkring Hvaler. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 85-94.
Karbø, Asbjørn og Kristoffer Kruken: Namn på sau, gris, hund og rev. I: *Namn og Nemne* 13 (1996), s. 75-95.
Karikoski, Elin Vanja: Finske slektsnavn i Sør-Varanger. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 14 (1996), s. 83-108.
Karikoski, Elin Vanja: Kvenenes slektsnavn i Ruija (Nord-Troms og Finnmark). En språklig og navnesosiologisk undersøkelse. I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 39-41.
Karikoski, Elin og Guro Reisæter: [Rapport frå symposiet] Personnamn och social identitet. I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 7-9.
Kirkvoll, Gullik: Innsamling av stadnamn, fornminne, plantor m.m. I: *Årbok for Valdres* 73 (1996), s. 138-141.
Kruken, Kristoffer (red.): *Den ellevte nordiske navneforskerkongressen. Sundvollen 19.-23. juni 1994.* (NORNA-rapporter 60.) Uppsala 1996, 431 sider.
Kruken, Kristoffer: Sjå Karbø, Asbjørn.
Kulbrandstad, Lars Anders: Menasjeri i Løtenfjellet - med svane? I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 22-27.
Kulbrandstad, Lars Anders: *Totberget*, et natur- og bruksnavn i Løten. *Lautin. Lokalhistorisk årbok for Løten* 22 (1996), s. 11-20.
Larsen, Terje: Klagenemnda for stadnamnsaker. I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 18-28.
Larsen, Terje: Namnesaka *Heksebergåsen*. I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 15-16.
Larsen, Terje: Om arbeidet til klagenemnda for stadnamnsaker. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 125-131.
Larsen, Terje: *Sem* eller *Semb*? Praktisering av Lov om stadnamn. I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 29-37.

Larsen, Terje: [Melding av] Brylla, Eva (red.): *Behövs en ortnamnslag? Handlingar från ett endagssymposium i Uppsala den 20 april 1994.* (Skrifter utgivna genom Ortnamnsarkivet i Uppsala. Serie B. Meddelanden 10.) Uppsala 1995. I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 46-48.
Larsen, Terje: [Melding av] Hallaråker, Peter: *Stadnamn i Møre og Romsdal. Innsamling, teori, metode og praksis.* Forskingsrapport nr. 8. Høgskulen i Volda/Møreforsking. Volda 1995. I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 41-45.
Larsson, Lars-Gunnar: [Melding av] Eskeland, Tuula: *Fra Diggasborrå til Diggasbekken. Finske stedsnavn på de norske finnskogene.* Oslo 1994. I: *Namn och bygd* 84 (1996), s. 147-150.
Lund, Ivar: Rapport fra NORNA-symposium i København. I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 7-8.
Løøv, Anders: Kan sørsamenes navn på 1700-tallet og 1800-tallet benyttes som kilde til migrasjonsstudier? I: *Migration i Mitt-Norden - från genetik till flyttlasspolitik.* (Acta Genealogica 1.) Bromma 1996, s. 31-44.
Mattison, Ann-Christin: [Melding av] Harsson, Margit og Botolv Helleland (red.): *Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet.* Avdeling for namnegransking. Universitetet i Oslo. Oslo 1995. I: *Namn och bygd* 84 (1996), s. 179-180.
Maylath, Bruce: The Trouble With Ibsen's Names. I: *Names* 44:1 (1996), s. 41-58.
Melvær, Randi: Stadnamnkatalog for Årdal. I: *Kjelda* 5:1 (1996), s. 18-19.
Moe, Dagfinn: En del eldre norske navn brukt på arter innen slekten Cochlearia (skjørbuksurt). I: *Blyttia* 54:4 (1996), s. 193-195.
Morsund, Gunnar: Katolske spor i namnebruk. I: *Kjelda* 5:1 (1996), s. 6-7.
Myhren, Magne: *Útekja* – ei einsleg samansetjing i DN – og *utekkjeslass* – eit nemne frå Hallingdal for handel eller samferdsle. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 45-48.
Myrvang, Finn: *Finntopp.* I: *Nytt om namn* 23 (1996), s. 37-38.
Myrvang, Finn: Kring dagtid-namn i Nordland. I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 18-22.
Myrvang, Finn: Noko meir om Åmd og Tjøtta. I: *Håløygminne* 77:4 (1996), s. 439-451.
Myrvang, Finn: Sømna - Deltalandet? I: *Håløygminne* 77:4 (1996), s. 453-457.
Namn og Nemne. Tidsskrift for norsk namnegransking. Red. Gunnstein Akselberg, Ole-Jørgen Johannessen og Oddvar Nes. Årgang 13 - 1996. 127 sider.
Nedrelid, Gudlaug: Ender og då ein Andersen eller Brudvig - Om norsk og nordisk etternamnskikk. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 151-161.
Nedrelid, Gudlaug: Lokale variasjonar i namneskikken på Agder i 1801. I: Kruken, Kristoffer (red.) 1996, s. 311-328.
Nes, Oddvar: [Melding av] *Hälsinglands äldsta skattelängd. Hjälpskattelängden «Gärder och hjälper» från år 1535.* Med inledning och kommentarer utgiven av Stefan Brink. (Skrifter utgivna genom Ortnamnsarkivet i

Uppsala. Serie C. Källskrifter 2). Uppsala 1994. I: *Namn og Nemne* 13 (1996), s. 120-121.
Nes, Oddvar: [Melding av] *Spår av odling. Festskrift till Hugo Karlsson.* På uppdrag av Meijerbergs institut för svensk etymologisk forskning vid Göteborgs universitet sammanställd av Birgitta Ernby. [Meijerbergs institut för svensk etymologisk forskning, Göteborgs universitet]. (Meijerbergs arkiv för svensk ordforskning. 19.) Göteborg 1994. I: *Namn og Nemne* 13 (1996), s. 117-120.
Nes, Oddvar (red. saman med Gunnstein Akselberg og Ole-Jørgen Johannessen): *Namn og Nemne.* Tidsskrift for norsk namnegransking. Årgang 13 - 1996. 127 sider.
Nes, Oddvar: Sjå Alhaug, Gulbrand.
Ness, Tore: *Navn i fjorden - Oslo, Bærum, Asker.* Oslo 1996. 143 s. [Side 90-141 er fotografisk opptrykk (utdrag) av Gustav Indrebø (1929): *Stadnamn fraa Oslofjorden*].
Nystu, Nils: Grensemerker i stadnamn. I: *Maal og Minne* (1996), s. 103-105.
Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnelag. Red. Gulbrand Alhaug og Botolv Helleland. Nr. 23 - 1996, 51 sider. Nr. 24 - 1996, 54 sider.
Ouren, Jørgen: På navnetoppen: Martin tre år på rad. I: *Ukens statistikk* 1996:4, s. 3.
Pamp, Bengt: 1. opponent. [Doktordisputas ved Universitetet i Oslo. Eskeland, Tuula: *Fra Diggasborrå til Diggasbekken. Finske stedsnavn på de norske finnskogene*]. I: *Namn og Nemne* 13 (1996), s. 97-110.
Pedersen, Aud-Kirsti: Kronologi i namnemateriale i lys av samiske og norske stadnamn i Kaldfjorden på Kvaløya. I: Kruken, Kristoffer (red.) 1996, s. 235-270.
Pedersen, Aud-Kirsti: Stadnamnlån, språkbruk og befolkningssamansetjing i Kvenangsbotn og Skibotn. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 95-112.
Pedersen, Birthe Hjorth: [Melding av] Kruken, Kristoffer (red.): *Slektsnamn i Norden. Rapport frå NORNAs tjueførste symposium i Oslo 17.-20. september 1992.* (NORNA-rapporter 58.) Uppsala 1995. I: *Namn och bygd* 84 (1996), s. 177-179.
Pitkänen, Ritva Liisa: 2. opponent. [Doktordisputas ved Universitetet i Oslo. Eskeland, Tuula: *Fra Diggasborrå til Diggasbekken. Finske stedsnavn på de norske finnskogene*]. I: *Namn og Nemne* 13 (1996), s. 110-113.
Reisæter, Guro: Sjå Karikoski, Elin Vanja.
Ringnes, Vivi: *Navn på kjemiske stoffer.* Oslo 1996. 229 sider.
Roaldset, Asbjørn: Gamle stadnamn. Kva tyder namnet Oslo? *Aftenposten* 14.4.95 (kronikk).
Sandnes, Jørn: Oluf Rygh og førsteleddet på gårdsnavn på *-stad*. I: *Namn og Nemne* 13 (1996), s. 67-74.
Sandnes, Jørn: *Valla, Engja* og *Dæli.* Om en indre namdalsk og helgelandsk gårdsnavntype, og om et falskt *vin*-navn. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 49-51.

Sandøy, Pål: Gåtefulle namn og bortgløymde namn på Hennes-halvøya. I: *Hofdasegl* 40 (1996), s. 353-355.
Schmidt, Tom (red.): *Norsk stadnamnarkiv 75 år (1921 - 1996). Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1995.* Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Universitetet i Oslo. Oslo 1996, 234 s.
Schmidt, Tom: Sjå Helleland, Botolv.
Schmidt, Tom: Teignavn på *-bø* i Vest-Norge. I: *Studier i Nordisk Filologi* 75 (1996). [Ägonamn - struktur och datering. Rapport från NORNA:s tjugotredje symposium på Svidja 15-17 september 1995], s. 309-325.
Schmidt, Tom: Utenlandske kvinnenavn i Aslak Bolts jordebok. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 163-180.
Schulze, Johan: Prøvur på stadnamn frå Skienstraktene. I: *Årbok for Telemark* (1996), s. 93-97.
Skomedal, Trygve: Gards- og bygdenamnet Granvin. I: *Hardanger*, s. 41-45.
Slotte, Peter: Den officiella hanteringen av ortnamn i Finland. Balansgången svenskt - finskt - högspråkligt - dialektalt. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 133-141.
Stangnes, Helge: Namnet Senja. I: *Årbok for Senja* 25 (1996), s. 112-114.
Stemshaug, Ola: Nokre elvenamn i Orklavassdraget. I: Haarstad, Kjell m.fl. (red.): *Innsikt og utsyn. Festskrift til Jørn Sandnes.* (Skriftserie fra Historisk institutt 12.) Historisk institutt. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet. NTNU. Trondheim 1996, s. 226-235.
Stemshaug, Ola: Noreg, Norig, Norge? Ja, Takk. *Bergens Tidende* 16.10.96 (kronikk).
Stemshaug, Ola: [Melding av] Brylla, Eva m.fl. (red.): *Från götarna till Noreens kor. Hyllningsskrift till Lennart Elmevik på 60-årsdagen 2 februari 1996.* Uppsala 1996. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 14 (1996), s. 121-123.
Svanevik, Anne: *GLÅMA* eller *GLOMMA*, det er ett fett ... I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 143-150.
Svanevik, Anne: *Vann* og *tjern* - uutømmelige kilder til diskusjon i navnenormeringen. I: Kruken, Kristoffer (red.) 1996, s. 271-279.
Svanevik, Anne: [Melding av] Nielsen, Michael Lerche og Mogens Severin Brandt: *Hvad skal barnet hedde*? 13 udg. København 1995. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 14 (1996), s. 126-128.
Særheim, Inge: Bokn og nokre andre stadnamn frå Bokn kommune. I: *Frá haug ok heiðni*: 1996:3, s. 36-43.
Særheim, Inge: Nokre namn som har bakgrunn i kvalfangst. I: *Frá haug ok heiðni*: 1996:2, s. 30-35.
Særheim, Inge: Nokre stadnamn som fortel om tidlege kristne minnesmerke i Klepp. I: Særheim, Inge (red.): *Kleppkyrkja 1846 – 1996.* [Kyrkjejubileet i Klepp i 1996.] Klepp 1996, s. 36-37.
Söderholm, Eira: Kveenien etnisiteetin ongelmia. [Kvensk etnisitet.] I: *Sananjalka* 38 (1996), s. 230-236.

Söderholm, Eira: Suomen nimiä lainavaatteissa - Finske stedsnavn i lånte fjær. I: *Ruijan Kaiku* 14.6.96 (kronikk).

Tjäder, Börje: Sjå Bjorvand, Harald.

Torp, Arne: *Krokvåg* eller *Kråkevåg*? I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 16-18.

Valentine Tim, Tim Brennen & Serge Brédart: *The Cognitive Psychology of Proper Names. On the importance of being Ernest.* London - New York 1996. 212 sider.

Veka, Olav: Namnet skjemmer ingen. Personnamn som særemne/prosjektarbeid. I: *Norsklæraren* 1996:5, s. 11-13.

Vere, Njål: Målsamlaren, stadnamnsamlaren og folkeminnesamlaren Abraham Vere (1885-1972). I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 32-34.

Vikør, Lars: Landsnamnet vårt - ein gong til. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 113-116.

Vikør, Lars: [Melding av] Schmidt, Tom (red.): *Norsk stadnamnarkiv 75 år (1921 - 1996). Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1995.* Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo. Oslo 1996. I: *Nytt om namn* 24 (1996), s. 38-39.

Wikstrøm, Solveig: Mannsnavnet *Fordel* i Rana. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 181-186.

þórhallur Vilmundarson: Ærnafnavísur úr Berufirði. I: Schmidt, Tom (red.) 1996, s. 187-201.

Aars, Ivar: Frå brokebøtt og gleineglas til Brillevarpet og Garvaren - um klede i namn og nemning. I: *Årbok for Valdres* 73 (1996), s. 23-31.

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1994 - TILLEGG

Klavestad, Lars Ole: Stedsnavn på Thorsø. Navneskatten som var i ferd med å forsvinne. I: *Åbygge.* Borge historielag 1994, s. 25-55

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1995 - TILLEGG

Alm, Torbjørn: Multer i folketradisjon - navn og bruk. I: *Ottar* 1995:3, s. 7-12.

Andersen, Kjell: *Namsos - gatenavnene og historiene bak.* Namsos 1995. 66 sider.

Furan, Torbjørn: [Stedsnavn] I: T. Furan: *Fragmenter av Selbu-målets gramatikk,* s. 78-87 (u. st.)

Fuun, Odvar A.: *Hva skal barnet ikke hete? Den komplette oversikten over hvilke navn man slett ikke bør ha.* Oslo 1995. 64 sider.

Kulterstad, I.: Navn på gamle notevarp i Aurdalsfjorden (Begnaelven). I: *Årbok for Valdres* 72 (1995), s. 136-140.

Midbrød, Arvid: Stedsnavn på Eigerøy. I: *Frá haug ok heiðni*: 1995:3, s. 42-43.

Sandnes, Jørn: Elvenavnet Gaula. Kommentar til Nils Nystu. I: *Heimen* 32 (1995), s. 51-53.
Sandøy, Helge: Norrike var namnet. I: *Bergens Tidende* 25.7.95 (kronikk).
Sandøy, Helge: Kva er opphavet til landsnamnet? I: *Bergens Tidende* 14.9.95.
Sandøy, Helge: Neset på Åndal? I: Årbok / Romsdalsmuseet (1995), s. 153-161.
Stangnes, Helge: Det usynlige landskapet – stadnamn som forsvinn. I: *Ottar* 1995:4, s. 28-37.
Tjeltveit, Njål: Namneskikken i Hjelmelandsvågen. I: *Folk i Ryfylke. Årbok for Ryfylkemuséet* (1995), s. 80-83.
Venås, Kjell: Namnet var og er NOREG. *Bergens Tidende* 11.8.95 (kronikk).

****

VI

Eit namn er ord
namnet mitt er eg
– men er det eg?

Namnet mitt tilhøyrer meg
men du brukar det
– Namnet mitt er kunnskap om meg

Eg har fått eit namn som du kan bruke
Då er ordet ditt
– Namnet er mitt

Eg er konkret –
Men er ikkje namnet abstrakt
– namnet du kallar meg?

Etternamnet har eg arva
før var det ikkje eg
– Då var det noko anna

Ein stad
Ei kjelde med grøde
Ein hage –

ord i ei anna historie
historia til namnet mitt
– Men no er det

eg

Anne Lise Høydal

NYTTIGE E-POSTADRESSER OG WEB-SIDER

Dersom du skal kontakta nokon i redaksjonen av *Nytt om namn,* så kan du nå dei på fylgjande e-postadresser:

Gulbrand Alhaug: **Gulbrand.Alhaug@hum.uit.no**
Peter Hallaråker: **Peter.Hallaraker@hivolda.no**
Botolv Helleland: **Botolv.Helleland@inl.uio.no**
Lars S. Vikør: **L.S.Vikor@inl.uio.no**

Vil du ha e-post-kontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne,* så er adressa slik:

Gunnstein Akselberg: **Gunnstein.Akselberg@hf.uib.no**
Oddvar Nes: **Oddvar.Nes@hf.uib.no**

Ortnamnsarkivet i Uppsala: **Arkiv@OAU.uu.se**

International Centre of Onomastics/ICOS:
Willy.Vanlangendonck@arts.kuleuven.ac.be

United Nations Group of Experts on Geographical Names (UNGEGN):
stabe@un.org

Heimeside til UNGEGN (som er eit eige oppslag under heimesida til the Canadian Permanent Committee on Geographical Names):
http://geonames.NRCan.gc.ca/english – opna så **United Nations** – deretter **United Nations and Geographical Names** og du vil få ei kort innføring i det FN driv med på dette feltet. Her er faktisk Lillehammer nemnt saman med Firenze og Fuji San som døme på geografiske namn.

Returadresse:

Seksjon for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO

ISSN 0800 – 4676